

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå kommunestyret	09.12.2013		TNE

Sakshandsamar: Tonje Nepstad Epland	Arkiv: GBNR-23/7 Objekt:	Arkivsaknr 11/1014
--	---	------------------------------

Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - klage

etter forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta § 12-5

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.10.2011	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve
2	U	02.11.2011	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - opplysningar
3	I	21.12.2012	Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve og tilknytning offentleg vassleidning
4	I	27.12.2012	Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om tilkopling til offentleg leidningsnett
8	U	11.01.2013	Magne Marøy; Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - ansvarsrettar - godkjenning - oversending
6	U	11.01.2013	Magne Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - godkjenning - oversending
9	I	15.02.2013	Marøy Maskinstasjon; Stendal VVS AS	Gnr 23/7 Marøy - søknad om ansvarsrett og samsvarserklæring - grunnarbeid
11	U	15.03.2013	Marøy Maskinstasjon	Gnr 23/7 Marøy - søknad om ansvarsrett - godkjenning - oversending
12	I	26.08.2013	Vidar Marøy	Gnr 23/7 Marøy - Vedrørande søknad om utsleppsløyve
13	U	30.08.2013	Vidar Marøy	Gnr 23/7 Marøy - søknad om utsleppsløyve - svar på e-post
14	I	05.09.2013	Vidar Marøy	Gnr 23/7 Marøy - Klage på utsleppsløyve

Adresse: Marøyvegen 331
Tiltakshavar: Magne Marøy
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld utsleppsløyve for gnr 23 bnr. 7. Utsleppet si størrelse er opplyst til 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 21.12.2012.

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5.

Søknad skal handsamast etter Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune godkjent av kommunestyret den 01.09.2010 med heimel i Lov om vern mot forurensningar og avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 §9, jf. Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 § 12-6.

Planstatus

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for Radøy kommune 2011-2023 er definert som område for spreidd busetnad (LNF-SB). Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje komen merknader til søknaden.

Reinsekraft

Eigedom ligg i eit område der det er krav til minireinseanlegg reinseklasse A etter lokal føresegn § 7.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Privatrettslege rettar

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf lokal føresegn § 13 og forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Reinsekrav og plassering

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering og med krav til installering av minireinseanlegg reinseklasse A med utslepp i tett leidning til heilårsresipient.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for utslepp frå minireinseanlegg reinseklasse A på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.
2. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av septikbil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til septikbil (ikkje overstig 8 meter).
3. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
4. Alt arbeid skal følgje føresegne gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Nye opplysningar i saka

Vidar Marøy, eigar av gnr 23 bnr 17 har den 05.09.2013 klaga over vedtak om utsleppsløyve for gnr 23 bnr 7.


Klagen er grunngjeven som følgjer:

- Søknaden er ikkje nabovarsla til gnr 23 bnr 17.
- Avlaupet frå minireinseanlegget går over eigedomen gnr 23 bnr 17.
- Eigar av gnr 23 bnr 7 har ikkje gjeve samtykke til å føre avlaup over denne eigedomen.
- Grøft på gnr 23 bnr 17 har ikkje kapasitet til å ta i mot avlaupsvatnet.


Klagen gjeld både innhaldet i vedtaket og sakshandsaminga, og klagar meiner at det er grunn til å rekne med at feil i sakshandsaminga har verka inn på vedtak i saka.

Saksutgreiing:

Søknad om utseppsløyve vart mottatt 21.12.2012, og utseppsløyve vart gjeve 11.01.2013.
Det er godkjent ansvarsrettar etter plan- og bygningslova den 11.01.2013 og 15.03.2013.



Situasjonskart 14.12.2012



Eigedomskart

Kommunen har motteke førespurnad frå eigar av gnr 23 bnr 17 den 26.08.2013 om «det er vanleg praksis at nabobruket blir belasta med eit utsleppsløyve over eigedomen sin, utan å ha gitt samtykke til dette».

Kommunen svarte på førespurnaden den 30.08.2013: «I Situasjonsplan datert 14.12.12 har eigar av gnr 23 bnr 7 vist plassering av minireinseanlegg og leidningsnett fram til kistegrøft som har vassføring heile året. Dette er i samsvar med lokal forskrift § 11 b. Minireinseanlegg og leidningsnett er plassert på eigen grunn. Det er ikkje vanleg praksis at gjenbuar skal gje samtykke til at grunneigar kan plassere minireinseanlegg på eigen grunn.»

Formell klage er motteke den 05.09.2013.

Rettsleg grunnlag:

Forvaltningslova:

§ 28. «Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken»

§ 29. «Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. (...)

For den som ikke har mottatt underretning om vedtaket, løper fristen fra det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffet sig kjennskap til vedtaket. Ved vedtak som går ut på å tilstå noen en rettighet, skal klagefristen for andre likevel senest løpe ut når det er gått 3 måneder fra det tidspunkt vedtaket ble truffet.»

§ 31. «Selv om klageren har oversett klagefristen, kan klagen tas under behandling såfremt

a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversett fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.

§ 41 «Er reglene om behandlingsmåten i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven ikke overholdt ved behandlingen av en sak som gjelder enkeltvedtak, er vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold.»

§ 33(2) «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Ureiningslova:

§12-4 «Ved etablering av nye utslipp eller vesentlig økning av eksisterende utslipp av sanitært avløpsvann skal den ansvarlige sørge for at (...)

2) parter og andre som kan bli særlig berørt av saken er varslet om innholdet i søknaden. Kopi av varselet skal sendes til kommunen samtidig med at parter og andre blir varslet. I varselet skal det fremgå at uttalelser må være kommet til søker innen en frist på minst fire uker etter at varselet er sendt.

§ 12-6:

«Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige forhold eller brukerinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13»

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune av 01.09.2010:

§ 4(6) «Ved plassering av heile eller delar av avlaupsanlegget på andre sin eigedom, må erklæring om rett til å leggje, fornya og vedlikehalde anlegget vedleggast søknaden.»

§ 11(2)b «Utsleppsstad for avlaupsvatn frå reinseanlegg (reinseklasse a eller a+) skal lokalisert slik at:

b) utslepp i tett leidning til elv/bekk/kanal/grøft berre skjer til resipient med årssikker vassføring, jf. § 3 i Vannressurslova»

Vurdering:

Etter forvaltningslova § 28 kan eit enkeltvedtak klagast på av «part» eller «annen med «rettslig klageinteresse».

Part er etter forvaltningslova § 2 er ein «person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.»

Rådmannen legg til grunn at klagar ikkje er part i saka, men har rettsleg klageinteresse som eigar av eigedom i området, og såleis har klagerett på vedtaket.

Klage over vedtaket om utsleppsløyve er motteke 8 månader etter at løyve er gjeve.

Frist for å klage er 3 veker. Den som ikkje har fått underretting om vedtaket må klage seinast innan 3 månader, jf fvl § 29

Klagen er ikkje motteke innan fristen på tre veker og heller ikkje innan fristen på tre månader.

Sjølv om klagefristen er oversitte kan kommunen innan eit år frå vedtaksdato ta klagen under handsaming om vilkåra etter fvl § 31 er oppfylt. Sjølv om vilkåra etter § 31 er oppfylt er det opp til kommunens skjønn å gje oppreisning eller ikkje.

Vurderingstemaet for rådmannen har for det fyrste vore om vilkåra for å gje oppreisning er oppfylt.

Klagen er motteke innan den absolutte fristen på 1 år.

Vidar Marøy er ikkje part i saka og forvaltningslova § 31 a vil difor ikkje vere aktuell.

Vurderinga av om det skal gjevast oppreisning for fristoversitting må difor skje etter forvaltningslova § 31 b. Oppreisning etter forvaltningslova § 31 b kan gjevast der «det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

I vurderinga skal det leggast vekt på om det er av særleg stor verd om klagen vert prøvd, om dei rettslege eller faktiske grunnar for vedtaket har vore tvilsame, om det er grunn til å tru at vedtaket lid av feil eller endra omstende, eller saka er av prinsipiell verd eller gjeld store verdiar, jf Kyrre Grimstad og Siri Halvorsen «*Forvaltningsloven i kommunene*» 2011 side 484.

Ved vurdering av om klagen skal realitetshandsamast må rådmannen samstundes vurdere om endring av vedtaket kan føre til skade eller ulempe for andre.

Sivilombudsmannen har i sak 2008/286 uttalt at: «*Det er under enhver omstendighet grunn til å utvise forsiktighet med å akseptere oppreisninger ved positive vedtak der tidsforløpet er av en slik lengde som her*». Det hadde i denne saka gått 5 ½ månad mellom vedtak og klage.

I Sivilombudsmannen sin sak 2001/69 uttalte sivilombudsmannen at: «*Det må kreves mer med hensyn til grunner som talar for oppreisning i tilfeller der det for eksempel har gått svært lang tid fra et positivt vedtak er truffet til det gis tilbakemelding om at vedtaket er påklaget.(...) Jeg finner etter dette at det ved avgjørelsen av om oppreisning skulle gis, ble tatt for lite hensyn til den berettigede forventningen byggetillatelsen innebar for ekteparet.*»

Det er i denne saka gått 8 månader frå vedtaket. Etter Sivilombudsmannen sin praksis er dette å sjå som lang tid. Ein omgjering av vedtaket vil føre til bortfall av utsleppsløyve for eigedomen gnr 23 bnr 7. Ulempa vil i tilfelle vere at det må søkjast på nytt, og at ein ny vurdering, teoretisk sett, kan føre til at det at det vert godkjent ein endra plassering.

I vurderinga av om det likevel er særlege grunnar som talar for at klagen vert prøvd har rådmannen funnet det naudsynt å prejudisielt ta stilling til realitetane i saken.

Klagen er retta mot at avlaupet frå gnr 23 bnr 7 går via leidningsnett og kistegrøft på eiga eigedom, og vidare over gnr 23 bnr 17 sin eigedom i steingrøft.

Det føl av lokal forskrift § 4(6) at «*plassering av heile eller delar av avlaupsanlegget på andre sin eigedom*» krev samtykke. I denne saka er anlegget plassert på eiga eigedom og utslepp frå anlegget skjer på eiga eigedom. Rådmannen finn difor at forskrifta § 4(6) om samtykke ikkje får verknad. Det er vidare rådmannen sin vurdering at søknad om utsleppsløyve stettar dei krav som føl av lokal forskrift § 11(2)b og at løyve til utslepp i samsvar med søknaden difor ikkje kunne nektast. Eventuell ureining som følgje av utslepp på føljust opp av kommunen gjennom tilsyn og eventuelt pålegg om tiltak. Rådmannen finn ikkje at det er heimel for å nekte å gje utsleppsløyve med grunnlag i ein hypotese om at eksisterande grøftar ikkje vil kunne ta unna utslepp frå minireinseanlegget.

Rådmannen finn etter dette ikkje grunn til å tru at vedtaket lir av feil, eller at dei faktiske eller rettslege grunnar som er lagt til grunn for vedtaket har vore tvilsame. Rådmannen kan heller ikkje sjå at saka er av stor prinsipiell verd, eller gjeld store verdiar for klagar.

Det er rådmannen sin vurdering at klagar sine interesser i å få klagesaken prøvd ikkje veg tyngre enn søkjer sin interesse i at eit vedtak som gjev rettar for søker, og som han kan ha innretta seg etter, vert oppretthalde utan vidare prosess. Rådmannen legg til grunn at det ikkje ligg føre særlege grunnar for å gje oppreisning for klag

23/7

VEDTAK:

Klage frå eigar av gnr 23 bnr 17 vert å avvise. Det vert ikkje gjeve oppreisning for klagefrist.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §§ 28, 29, 31 og 33(2).

Vedtak om avvisning er eit enkeltvedtak og vert sendt klagar med klagefrist.